



Statens vegvesen

Os kommune
Postboks 84
5202 OS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:
2015/002940-003

Dykkar referanse:
14/3561- 5

Vår dato:
20.02.2015

Uttale til oppstart planarbeid og offentlig ettersyn planprogram for Lyseparken - Os kommune

Statens vegvesen viser til melding om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram for områdereguleringsplan for Lyseparken med frist 21.02.2015.

Gjeldande plan for området er ein detaljreguleringsplan vedtatt i 2012. Føremålet med å planlegge området gjennom ein områdereguleringsplan er å få ein meir fleksibel plan. I tillegg er det eit mål å få inn fleire planføremål i planen. Føremålet med planprogrammet er å få til ein god planprosess og sikre tidleg avklaring av kva tema som skal utgreiast og skildrast.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Statens vegvesen er ein viktig aktør i området. Særleg for det som skal skje i samband med bygging av ny E39 Svevatjønn - Rådal. I denne samanhengen uttalar vi oss til planarbeidet.

Innspel til planarbeidet

Planprogrammet nemner tilgrensande planar. Det bør takast med alle tilgrensande planar i området. I planprogrammet er det berre tatt med plan for Ulven skytefelt. Planområdet grensar mellom anna til reguleringsplan for ny E39 Svevatjønn – Rådal. Andre planar bør og nemnast. Mellom anna planen/planane som regulerer ny fylkesveg gjennom planområdet og ut til Søvik.

Under føringar og rammer for planarbeidet kan ein nemne Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016) som ei regional føring.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Kapittel 5.5 tar opp vegføringar internt, der ekstern tilknytning skal og skal vurderast. Det er eit godt grep. Vi støttar også at det skal lagast handlingsprogram for gang- og sykkelveg i samband med kommuneplanen. Her vil det vere viktig å ha dette med seg når ein arbeider med områdeplanen. Det er eit godt grep å ha opplegg for gang- og sykkelvegar både internt i området og ut til alle delane i kommunen og at det skal planleggast for gang- og sykkelveg i to felt fordelt på gåande og syklende. Det bør elles kome tydeleg fram i planen korleis ein skal oppnå målet i kapittel 5.6 om at bruk av bil ikkje skal vere det dominerande for dei som skal ha sin arbeidsplass i Lyseparken.

Statens vegvesen legg til grunn at tiltak knytt til fylkesveg og europaveg som er avklart i gjeldande reguleringsplan skal vidareførast. Tilrettelegging for kollektivtrafikk inneber busshaldeplassar og lokal og regional kollektivterminal. I den samanhengen er det positivt at trafikk er tema for vidare utgreiing i planarbeidet jfr. kapittel 7.0, punkt 3 i tabellen i utgreiingsprogrammet. Det er viktig å sette av nok areal til kollektivterminal med innfartsparkering. Det må og utgreiast kva som blir den beste plasseringa av ein slik terminal for å sikre at flest muleg nyttar kollektivtilbodet, både dei som skal reise lokalt i Os og dei som skal lengre strekningar. Statens vegvesen kan gjerne delta i planarbeidet på temaet trafikk og kollektiv.

Vi kan ikkje sjå at støy er tatt med som utgreiingstema. Ettersom det her blir etablert nye vegar må ein estimere støybelastninga for området og synleggjere det i planen. Dette temaet vert aktualisert i dette planarbeidet ettersom det er fleire ulike planføremål som skal inn i områdeplanen enn det som var omtalt i reguleringsplanen. I denne samanhengen kan vi vise til retningslina for handsaming av støy i arealplanlegging T-1442/2012.

Vi ønskjer lykke til med planarbeidet!

Plan- og forvaltningsseksjonen - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Kari Elster Moen

Kari Elster Moen
overingeniør

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland (e-post)
Hordaland fylkeskommune (e-post)